



Surnadal kommune
Rådmannen

Kulturdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2015/1278-4

Saksbehandlar
Råg Ranæs

Dato
30.06.2015

Høringsuttale - Forslag om endringar i helligdagsloven for å tillate søndagsopne butikkar

Under følgjer sakspapira med vedtak i saka.

Med helsing

Råg Ranæs
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Høringsuttale - Forslag om endringar i helligdagsloven for å tillate søndagsopne butikkar

Vedlegg

1 Høringsnotat - Forslag om endringar i helligdagsloven for å tillate søndagsopne butikkar

Saksopplysningar

Kulturdepartementet legg føre i høringsnotatet å endre helligdagsloven, slik at det blir tillate for butikkar å ha opent på vanlege søndagar. Påbodet om stengte butikkar blir foreslått oppretthalde for dei særskilte helligdagane, for høgtidsdagane 1. og 17. mai, og for høgtidsaftnar påske-, pinse-, og julaften frå kl. 16. Av praktiske grunnar blir det foreslått å vidareføre dagens

Adresse: Bårdshaugvegen 1 **E-post:** post@surnadal.kommune.no **Telefon** 71 65 58 00 **Bank** 4202.38.40000

6650 Surnadal

www.surnadal.kommune.no

Telefaks 71 65 58 01 **Org.nr** 964 981 892

unntaksreglar for nærmare bestemte typar utsalsstedar på dei dagane der butikkane elles skal halde stengt.

Det er i høyringsnotatet også teke eit alternativt forslag om at beslutningsmynde blir lagt til den enkelte kommune. Gjennom ei slik løysing vil kommunestyret kunne ta stilling til om høve til søndagsopent i kommunen skal utvidast i forhold til dagens regulering. Det blir lagt til grunn at ei eventuell kommunal reguleringsmyndigheit ikkje skal kunne medføre innstramming samanlikna med dagens situasjon.

Høyringsfristen er 30. juni 2015.

Vurdering

Ordføraren meiner det ikkje er behov for eller hensiktsmessig med liberalisering som legg til rette for meir søndagshandel utover det som det i dag er adgang til. Ordføraren meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde grenser for kommersiell aktivitet på søndagar. Grenser for kommersiell aktivitet på søn- og helligdagar bidreg til å bevare disse dagane i samsvar med våre tradisjonar og sedvane.

Søndagen er ein viktig felles fridag og kviledag, og det er ein viktig samfunnsverdi for befolkninga å vidareføre søndagen som ein dag som skil seg frå dei andre dagane, ein dag som er viktig for livsrytmen til folk flest. Ordføraren meiner det er sannsynleg at regjeringa sitt forslag til liberalisering vil ha store konsekvensar for familieliv, arbeidsliv og ikkje minst kulturliv og frivillig sektor.

Ordføraren si tilråding

Surnadal kommune sender følgjande høyringsuttale:

Surnadal formannskap støttar ikkje dei foreslåtte lovendringane, verken primærforslaget eller sekundærforslaget.

Surnadal formannskap meiner det ikkje er behov for eller hensiktsmessig med ei liberalisering som legg til rette for meir søndagshandel utover det som det i dag er tilgang til. Vi meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde grenser for kommersiell aktivitet på søndagar. Grenser for kommersiell aktivitet på søn- og helligdagar bidreg til å bevare desse dagane i samsvar med sedvane og våre tradisjonar.

Søndagen er ein viktig felles fridag og kviledag, og det er ein viktig samfunnsverdi for befolkninga å vidareføre søndagen som ein dag som skil seg frå dei andre dagane, ein dag som er viktig for livsrytmen til folk flest.

Vi meiner det er sannsynleg at regjeringa sitt forslag til liberalisering vil ha store konsekvensar for familieliv, arbeidsliv og ikkje minst kulturliv og frivillig sektor.

Behandling i formannskapet – 29.06.2015

Votering:

Rådmannen si tilråding samrøystes vedtatt.

Formannskapet sitt vedtak:

Surnadal kommune sender følgjande høyringsuttale:

Surnadal formannskap støttar ikkje dei foreslåtte lovendingane, verken primærforslaget eller sekundærforslaget.

Surnadal formannskap meiner det ikkje er behov for eller hensiktsmessig med ei liberalisering som legg til rette for meir søndagshandel utover det som det i dag er tilgang til. Vi meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde grenser for kommersiell aktivitet på søndagar. Grenser for kommersiell aktivitet på søn- og helligdagar bidreg til å bevare desse dagane i samsvar med sedvane og våre tradisjonar.

Søndagen er ein viktig felles fridag og kviledag, og det er ein viktig samfunnsverdi for befolkninga å vidareføre søndagen som ein dag som skil seg frå dei andre dagane, ein dag som er viktig for livsrytmen til folk flest.

Vi meiner det er sannsynleg at regjeringa sitt forslag til liberalisering vil ha store konsekvensar for familieliv, arbeidsliv og ikkje minst kulturliv og frivillig sektor.